

Medarbeidarkonferanse i Bergen

November er medarbeidar-månad, og det betyr at Bjørgvin Bispedømme utfordrar kyrkjelydane til å velja seg eit spesielt prosjekt som dei skal arbeida med i haust.

Me har sett i gang eit stort ungdomsarbeid på fredagskvelden, med kor, U-caf og KRIK, og manglar ein del frivillege medarbeidarar her. Vårt prosjekt blir då å finna desse medarbeidarane,

og gje dei oppgåver med eit innhald og ein struktur som fungerer. Fram til no har me funna fleire frivillege medarbeidarar som er interesserte i U-caf. Så me satsar på å starte opp U-caf igjen.

19. og 20. oktober deltok Aase Nøttveit, Steinar Aarskog (de to fra Frivillignemda), sokneprest Olav J. Oma og kyrkjelydsprest Nobukazu Imazu (sjå foto) på bispedømmets



medarbeidarkonferanse i Arna kyrkje.

Konferansen er for tilsette, tillitsvalde og andre medarbeidar i kyrkjelydane i bispedømmet.

Arna kyrkje var stappfullt med over 260 deltakarar.

Halvor Norhaug, praktikumrektor ved Menighetsfakultetet hadde en inspirerende opningstale "Medarbeidaren fram i lyset".

Deretter hadde Biskop Ole Hagesæther gudsteneste med tema "Inn i lyset". Dagen etter vart det åtte spennande seminar omkring leiarskap og frivillige kyrkjelydsarbeid: hyrdeansvaret, trusopplæring, ungdomsarbeid, gudstenesteinvolvering, etc. Seminara blei køyrd to gonger slik at alle kunne få med seg to ulike seminar.

Det var spennande og lærerike dagar for oss!



Døypte :

28.10

Daniel Sætre

4.11

Leander Træet

Sebastian Brakedal



Jordfeste :

3.10

Karl Sigurd Bukholm

17.10

Egil Vestbøstad

- 11.11 24. *sundag etter pinse – sundag for dei forfølgde*, kl.11:00 Fitjar kyrkje. **Høgmesse**, takkoffer til Norsk Misjon i Øst, gudst. ved Oma.
- 18.11 25. *sundag etter pinse*, kl.11:00 Fitjar kyrkje. **Familiegudsteneste og bornas misjonsdag**, takkoffer til Norsk Misjons Selskap, gudst. ved Oma.
25. 11 *Siste søndag i kyrkjeåret*, kl. 11:00 Øvrebygda bedehus. **Høgmesse**, takkoffer til Øvrebyda bedehus, gudst. ved Oma
- 29.11 **Temakveld** kl.19:30 sjå notis
- 02.12 1. *søndag i advent*, **lysmesse** kl. 19:30 Fitjar kyrkje. Konfirmantane og ungdomskoret deltek, takkoffer til Children at risk foundation. Gudst. ved Imazu.
- 09.12 2. *søndag i advent*, kl. 11:00 Fitjar kyrkje. **Høgmesse**, takkoffer til Kristen muslimmisjon, gudst. ved Oma